Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmålnr. –

Herad: Øvre Sirdal.

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: – " –

Oppskr. av: E. Valevatn.

Gard: Eg bur på Tveiten.

(adresse): Dorgefoss.

G.nr. 15 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter eigi röynsle. Eg er 70 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.// Ja, ein har nytta det, og det vert delvis nytta den dag i dag. Me brukar namnet beit, berre det namnet. Det er lyjörkeris vi nyttar.

2.// Ein hentar ikkje beit eins ærend. Ein tek det av den heimköyrde brenneveden i vedakosten.

3.// Det er vanleg at ein tek heim vinterved i heile tre og högg av kvistene til beit heime i tunet. Brom til kröterför kjenner me ikkje til her.

4.// Når ein högg opp vinterveden, högg ein med öksi av dei smalaste kvistene til beit. Beit vert aldri bruka i store mengder. Berre når ein vantar raunesko[g].

5.// Det er ku, sau og geit som får beit. Dei får det for seg sjölv, ublanda.

6.// Beitakost har ingen liggjande i lenger tid. Ein brukar det opp etterkvart.

7.// Me kjenner ikkje til den skikken å henta beit langfredag på fastande hjarta.

Som för sagt kjenner me ikkje til brom som kröterför. Men namnet

1168

1168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brom kjenner me godt. Det er stöv=
blomane eller hankjönsblomane på
siste årsskot på björkene. Desse veks ut
på ettersumaren og framover hausten og
står på kvistene til lauvet sprett ut
neste år. Då vert dei störe og lubbne og
dit drås blomsterstöv or dei til å fræva
fruktblomane, som er på lag som akset på
temoteigras.

Björkekvister 

med brom på vert
nytta som lokkemat under snarefangst
av ryper og orrfugl. Desse hönsefuglane
lever mest av brom i heiskogane om vinteren.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1168

Herr Andreas Ropeid

Oslo!

Som svar på Dykkar skriv av 13/12-54. om kva bromskog tyder på Sörlandet skal eg melda:

Det finst ikkji noko på Sörlandet som heiter bromskog. Brom er det same som hanblom der blomsterstöv lagast, altså det blomsterstöv som fyk over på fruktblomen av björka når det skal lagast björkefrø i fruktblomen. Dette brom veks ut i ytste toppane på dei smalaste björkekvistane. Men det er altså ikkji det same som knoppar. I knoppane lagast nye lauv i lauvsprettinga om våren. Sume år er det mykje brom i kvistetoppane. Andre år er det godt som inkje brom. Denne bromen er næringsrik og tener til mat for rypene om vinteren. Då brukar bromen til lokkemat for rypene i rypesnarone. Difor er her noko som heiter snareskog. I skarp fôrnau om våren, brukar sume björkeris til kröttera. Men ingen forar med berre björkeris. Men det som frå gamalt er bruka mest til fôr, er skav av raun, altså avskaven raunebork. Ja, toppane av raunen saman med avskaven bork har vore mykje bruka til kröterfôr, når det blei forlitet av höy og halm. Om våren når lauvet har sprott ut, bolnar bromen opp og blir mykje tjukkare og lenger; då blir blomsterstövet fullvakse og fyk over på fruktblomen. I tilfelle dei i gamal tid skulle bruka björkeris til fôr, så lika dei truleg best å finna ris med mykje brom på, avdi bromen er næringsrik som før er sagt. Men namnet bromskog er heilt ukjent no.

Tveiten ~~pr~~ Dorgefoss 18/12-54.

Vyrdsamt
E. Valevatn

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1168